



TRAFIKKTRYGGINGSPLAN
FOR VIK KOMMUNE
2008 - 2012

Forord:

Planen gjeld vegnett i heile kommunen og omfattar både fysiske tiltak og tiltak innan opplæring, informasjon, trafikk kontroll m.m.

Dokumentet er bygd opp med at det er henta inn bakgrunnsinformasjon frå Statens vegvesen og Trygg Trafikk. Planen byggjer elles på tidlegare arbeid med "Aksjon Skuleveg", på trafikksynfaring med Statens Vegvesen (Sogn og Fjordane), politiet (lensmannen i Vik) og på innspel frå skular i samband med dette. Rådmann har vore rundt på alle skulane i kommunen (1 - 4 klasse) og fått innspel frå elevane om deira oppleving av skulevegen sin. Ut i frå dette er det og henta inn informasjon om trafikkfarlege stader og arbeid innan trafikktrygging i Vik kommune.

Innhald:

- 1.1 Bakgrunn for kommunal trafikktryggingsplan
- 1.2 Aktørar i trafikktryggingsarbeidet
- 1.3 Plannemnd
- 1.4 Trafikktryggingsarbeidet og anna planarbeid
- 1.5 Lover og forskrifter
- 2.1 Opplæring og informasjon
- 2.2 Kontroll og overvaking
- 3.1 Omfanget av ulukker på vegnettet i Vik kommune
- 3.2 Trafikkfarlege stader i Vik kommune
- 3.3 Ulukkesårsaker
- 3.4 Status pr 01.11.08
- 4.1 Mål og prioriteringar
- 4.2 Økonomi

1.1 Bakgrunn for kommunal trafikktryggingsplan

Trafikkulukker er eit omfattande problem i eit moderne samfunn. Statens vegvesen har analysert trafikkulukkene i Hordaland og Sogn og Fjordane dei fire siste åra. I Sogn og Fjordane er det registrert 878 ulukker. 42 personar mista livet og 141 personar vart svært hardt eller hardt skada. Fredag er den verste dagen i Sogn og Fjordane (Trygg Trafikk).

I innleiingi til Samfersledepartementet sin strategiplan " Trafikksikkerhet på veg 2002 - 2011 " heiter det at" Regjeringen anser omfanget av drepte og skadde på de norske vegene som et alvorlig samfunnsproblem".

For å oppnå auka innsats i trafikktryggingsarbeidet, må ei rekkje verkemiddel takast i bruk. Her har kommunane ei sentral rolle. Frå og med 2001 vart kommunal trafikkplan ein føresetnad for å få statlege trafikktryggingsmidlar.

Difor vil ein i denne planen og:

- Fokusera på haldningsskapande tiltak gjennom at innbyggjarane, særleg born og unge (og skulane i kommunen), vert trekt inn i trafikktryggingsarbeidet.
- Oversikt over trafikkfarlege stader på alle vegane i kommunen, dvs kommune, fylkes og riksveg.
- Prioritering av trafikktryggingstiltak, m.a. som grunnlag for søknad om statlege trafikktryggingsmidlar.

1.2 Aktørar i trafikktryggingsarbeidet

Mange instansar arbeider med veg og trafikk:

Statens Vegvesen:

Har ansvar for tiltak og forvaltningsoppgåver i høve til:

- Riksvegane med grunnlag i statlege løyvingar.
- Fylkesvegane med grunnlag i løyvingar frå fylkeskommune og statlege tilskot.
- Kontroll av teknisk tilstand på bil/motorsyklar m.m.
- Utfierding av førarkort for motorkøyrety.
- Samarbeid om opplæring i skule/barnehage/friviljuge organisasjonar.
- Gjennomfører trafikktryggingssynfaring i kommunane kvart 3 år.

Fylkeskommunen:

Har eit sjølvstendig ansvar for å tilrå og samordna tiltak for å fremja trafikktrygginga i kommunen. Dette er eit pålegg heimla i § 40 a "ansvar for trafikksikkerhetsarbeid". Her heiter det: "Fylkeskommunen har et ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremme trafikksikkerheten i fylket". Dette ansvaret er delegert vidare til trafikktryggingsutvalet (FTU). Statens vegvesen er sekretær for FTU, og har dermed det praktiske ansvaret for utarbeiding av handlingsprogram. Fylkeskommunen gjev tilskot til trafikktryggingstiltak på kommune og fylkesvegar.

Kommunane:

Kommunane har ei svært viktig rolle i det lokale trafikktryggingsarbeidet:

- Planarbeid etter plan og bygningslova
- Tiltak på kommunale vegar
- Trafikkopplæring i barnehagar og skular
- Informasjon til trafikantane

Den einskilde kommune har påverknad på tiltak på fylkes og riksvegar, trafikkopplæring og kontroll/overvaking m.a. i høve til korleis tiltak skal prioriterast. Kommunale trafikktryggingsplanar er ein føresetnad her. Kommunane kan og fastsetja fartsgrensene på kommunale vegar.

Politi:

- Politi, lensmann og utrykkingspolitiet (UP), gjennomfører kontroll av førarar og køyrety.
- Samarbeider med skule/barnehagar om trafikkopplæring.
- Etterforskar og rapporterer trafikkulukker med personskader.
- Gir uttale i skiltsaker.

Ut over dette driv politiet med informasjon og førebyggjande arbeid i skular og barnehagar, rådgjeving til kommunen knytt til trafikktryggleik og reguleringar, skilting og innsamling av data ved trafikkulukker m.m.

Friviljuge organisasjonar:

Trygg Trafikk gjev trafikkfagleg støtte til lag og organisasjonar, og har utarbeidd undervisningsmaterieil til bruk i skule og barnehage. Organisasjonen arbeider for å oppnå best mogleg trafikktryggleik for alle trafikantar og har tilsett sekretær i alle fylka.

1.3 Plannemnd

Det er ikkje oppretta noko plannemnd for rullering av planen i 2008.

Rådmann gjennomførte besøk på alle skulane (med unnatak av Valsvik skule. Her fekk ein skriftleg tilbakemelding frå rektor) i november/desember 2007. Rådmann hadde då samtale med dei yngste elevane og einskilde lærarar om deira oppleving av skulevegen. Tilbakemeldingane her vart teke med som direkte trafikktryggingstiltak i planen for 2007. Planen for 2007 gjev framleis god oversikt over m.a. trafikkfarlege skulevegar i Vik kommune.

Ansaret for utarbeidinga av skriftleg plandokument har vore ungdomsleiar og helsekoordinatoren.

1.4 Trafikktryggingssplanen og anna planarbeid

Trafikktryggingssplanen er ein delplan i kommuneplanen. Planen skal syna kva for tiltak som skal gjennomførast på sektoren dei neste 4 åri.

Trafikktryggingssplanen er ein svært viktig del av det førebyggande arbeidet for born og unge i Vik kommune. Gode møteplassar, trygge og gode skulevegar, bruk av refleks/sykkelhjelmar, og anna oppseding i trafikkreglar er godt, førebyggande arbeid og vidare eit viktig arbeid for både helse og trivsel i Vik kommune. Difor er det viktig at ein ser denne planen både i samanheng med arealdelen i kommuneplanen og gjeldande reguleringsplanar, men og i nær samanheng med både planen for folkehelse og ruspolitisk handlingsplan. På landsplan veit me at mange av trafikkuhella skjer som følgje av køyring i rusa tilstand.

Tiltaksplanen skal rullerast kvart år.

1.5 Lover og forskrifter

Ei rekkje lover og forskrifter har innverknad på trafikktryggleiken og vegane:

- **Vegtrafikklova** med forskrifter, dannar grunnlaget for svært mange trafikktryggingstiltak, skilt, trafikkopplæring, krav til køyrety m.m.
- **Veglova** omfattar m.a. heimel til fastsetjing av standarden på vegnettet, inndeling og nedlegging av vegar m.m.
- **Plan og bygningslova** er svært viktig i høve til å kunna gjennomføra fysiske tiltak i den einskilde kommune. Lova gjev og det juridiske grunnlaget for oreigning av grunn i samband med iverksetting av tiltak. Lovi seier og noko om born og unge sine interesser i planlegging.

2.1 Opplæring og informasjon.

Det er mange faktorar som formar haldningar og åtferdsmønster. Dette er eit stort og viktig arbeid i det primære (generelle - som gjeld alle) førebyggjande arbeidet for born og unge i Vik kommune. For å lukkast her, må ein og få til eit godt, tverrfagleg samarbeid. Kontakt med born og ungdom er sjølvsgt heilt avgjerande når ein arbeider med haldningar m.a. om ein skal få til oppførsel i trafikken. Her spelar og foreldre og føresette ei stor rolle.

Småbarnsalder:

Helsestasjonen gjev tilbod om å låna bilstol til nyfødde og fram til om lag 8 mnd.

Barnehagen:

Mange born er i barnehagen i frå 1 til fleire år. Difor er barnehagen og viktig for opplæring i trafikkunnskap og trafikkultur.

Det er i alt 6 barnehagar i kommunen (Fresvik, Feios, Vangsnes, Bødalen, Vik og Valsvik).

Det er ikkje opplyst at barnehagane har trafikkopplæring som eit direkte satsingsområde i planane sine. Når personalet tek ungane med på tur utanom barnehagane sine område, har dei stort fokus på at ungane skal ha på seg refleksvestar og på korleis ungane ter seg i trafikken. Nokre avdelingar har og meir fokus på dette enn andre, og er m.a. med i opplærings- program gjennom "Trygg Trafikk".

Skulane:

Skulen er ein felles arena for alle born i 10 år. Difor ligg det og stort potensiale for å nå fram i det førebyggande arbeidet gjennom skulane.

Det er 5 skular i kommunen (Fresvik, Feios, Vangsnes, Flatbygdi og Valsvik).

I mange år var mopedførarprøven eit valfag på ungdomstrinnet. Dette har ein ikkje lenger. Skulane har likevel eit opplegg knytt til trafikkopplæring/undervisning og i samarbeid med politi og Sogndal trafikkstasjon.

I 6.klasse gjennomfører ein sykkelprøven.

I 10.klasse kjem Sogndal trafikkstasjon for å snakka om øvingskøyning med bil.

Politiet sitt arbeid innan undervisning:

Politiet er på besøk i barnehagane.

Politiet gjennomfører ordninga med "reflekspoliti" for 2 klassingane.

I 5 - 6 klasse er det er det sykkelkontroll og undervisning i reglane for bruk av sykkel (trafikkreglar og bruk av hjelm).

I 10 klasse er temaet diverse tilhøve kring russefeiringi, misbruk av alkohol m.m. Politiet i Vik er og med på det årlege møtet som Sogndal vidaregåande skule/Sogndal kommune og politiet i Sogndal har med ungdom og føresette i høve til det å flytta på hybel i Sogndal.

I tillegg til dette er politiet med på ulike foreldremøte.

2.2. Kontroll og overvaking.

Luster, Sogndal, Leikanger og Vik utgjer ein vaktregion i politiet.


Trafikkovervakinga til politiet gjeld alle sider ved vegtrafikken. Statens vegvesen utfører m.a. teknisk kontroll av køyrety.

Politiet merkar seg og farlege trafikktilhøve knytt til fartsgrenser, merking, autovern, ulukkespunkt m.m. Statens vegvesen og kommunane vert orienterte om desse tilhøva/stadane.

3.1 Omfanget av ulukker på vegnettet i Vik kommune.

Tala byggjer på Statens Vegvesen sin statistikk ut frå ulukker som er rapporterte inn frå politiet. Informasjonen er henta frå Vegkontoret i Sogn og Fjordane.

Omfanget av trafikkulukker i Vik kommune varierer frå år til år. Innrapporterte tal ulukker frå år 2000 - 2007 er som følger:



Dei politirapporterte ulukkene omfattar om lag 12.000 trafikkskade personar årleg her i landet.

Etter vegtrafikklova skal alle trafikkuhell med køyrety der det er personskaade, gjevast melding om til politiet. Mange ulukker vert likevel aldri rapporterte. Dette gjeld særleg ulukker med lettare personskader. Ved trafikkuhell må minst 1 køyrety vera innblanda. Sykkel er rekna som køyrety. Difor skal og sykkelvelt

med personskade meldast inn til politiet. Ein reknar med at dette ofte ikkje vert gjort.

Vegkontoret i Sogn og Fjordane opplyser at mange av skadane berre vert rapporterte til legevakt/sjukehus og til forsikringsselskap, og at det mest truleg ut i frå dette er eit samla tal trafikkskadde på 35 - 40.000 årleg i landet.

Vik kommune har mellom 4 - 6 politirapporterte trafikkuhell p.r. år.

3.2 Trafikkarlege stader i Vik kommune.

I tidlegare trafikktryggingsplanar har kommunen lagt vekt på skulevegar. Då har me og sagt at skulevegane Vik kyrkje - Voll (langs RV 13) og Krossvegen (frå Vik fengsel) - Seljestokkane, er relativt farlege skulevegar.

I ein trafikktryggingsplan bør det og koma fram det faktiske biletet og oversikt over kvar trafikkuhella går føre seg, og årsakene. Vegkontoret i Sogn og Fjordane opplyser at det faktiske biletet i Vik kommune er slik som mange andre stader i landet, at trafikkuhella skjer på ettermiddag/kveldstid på vegar/strekningar med mest trafikk og høgaste fartsgrenser. Difor er det sjølvst og forventa eit større tal ulukker på riks og fylkesvegar enn det er på kommunale vegar

Ut i frå dette peikar følgjande vegstrekningar seg ut som trafikkarlege stader i kommunen:

RV 13 - særleg på vår/sommar og tidleg haust. Dei aller fleste innrapporterte skadene skjer på ulike strekningar langs RV 13.

FV 121 (Rulsen - Fosse)

RV 602 (Vangsnes - Feios)

Det er likevel stor skilnad også på desse vegane. Riksveg 13 har sjølvst ein mykje større trafikk enn riksveg 602. Difor må ein og ha med seg at på nokre strekningar er det tilfeldig at ein har ulukker, og ikkje nødvendigvis berre rein trafikkstorleik som årsak.

Som tidlegare nemnt, er både deler av RV 13 (Vik kyrkje - Voll) og deler av FV 121 (frå Vik fengsel - Seljestokkane) og er skulevegar. **Difor må ein sjølvst leggja vekt på dette i det vidare arbeidet med trafikksikring.**

3.3. Ulukkesårsaker.

Det er lettaste å tenkja seg at utforminga av vegen og dei fysiske tilhøve i og omkring denne er den mest avgjerande faktoren når ein skal forklara kvifor og korleis trafikkulukkene skjer. Mange gonger er det og slik, t.d. ved utforkøyningar når det manglar rekkverk, ved smale vegar og manglande møtestader, m.m. Som tidlegare nemnt, er dei aller fleste ulukkene i Vik kommune knytt til riksveg 13 og då på vår/sommar og tidleg haust. Opplysningar frå vegkontoret syner her at dei fleste ulukkene gjeld bil og MC ulukke. Rapportane frå vegkontoret i Sogn og Fjordane syner at 36 personar har vore involvert i trafikkulukker i Vik kommune i perioden 2000 - 2007. Av desse personane er 1 drepen, 3 alvorleg skada, og 32 personar er lettare skada.

Me veit og at føretilhøve kan vera ein viktig medverkande faktor i ulukkessamanheng. Fleire undersøkingar (m.a. frå England) syner at menneskeleg feil er ein stor medverkande årsak til trafikkulukkene. Det er mykje truleg at dette også gjeld for trafikkulukkene i Vik kommune, dvs at menneskeleg åtferd i trafikken er ein stor medverkande årsak til ulukker. Altså at t.d. høg fart etter forholda kan gje alvorlege ulukker sjølv om vegen i utgangspunktet er god. Ei betring av vegstandarden i kommunen knytt til den mest trafikkfarlege vegen vår, RV 13, er difor ikkje aleine nok til å få ned talet på trafikkulukker. Ein må arbeida med haldningar i tillegg.

Som skulevegar er det viktig med gang og sykkelveg knytt til både RV 13 (Vik kyrkje - Voll) og deler av FV 121 (frå Vik fengsel - Seljestokkane) for å hindra ulukker.

3.4 Status pr 01.11.08

Tilbakemeldingane frå Statens vegvesen i brev av 13.10.08:

1. Gangveg frå Vik fengsel - seljestokkane ikkje er med i investeringslista eller på marginallista i Fylkesvegplan 2006 - 2009. Difor må Vik kommune be om å få tiltaket inn på desse listene, før me kan søkja om midlar til desse tiltaki. Dette kan gjerast i samband med høyring
2. Gangveg Vik kyrkje - Voll. Gang og sykkelveg langs riksveg 13 er ikkje med i handlingsprogrammet i Nasjonal Transportplan for perioden 2006 - 2015, og vidare at ein er usikker på om nemnde vegstrekning stettar kriteria som vert lagt til grunn for bygging av gang /sykkelveg langs riksveg.

4.1 Mål og prioriteringar

Visjon: Ingen drepne og ingen varig skadde i trafikken.

Me har sagt at trafikkulukkene både har samanheng med utforminga og tilstanden på vegnettet. Me har og sagt at åtferda til trafikantane kan vera ei like viktig årsak til ulukker. Difor har me som mål:

- **Å arbeida med haldningsskapande arbeid mot trafikantane (særleg dei yngste).** Me veit at fart er ei viktig årsak til ulukker, og ein viktig faktor når det gjeld alvorssgraden av ulukker. Difor er det ynskjeleg at me får til gode kontrolltiltak for å redusera fartsnivået. Gjennom skulane er det og viktig å fokusera på både bruk av refleks, sykkelhjem m.m.
- **Foreldrekøyring.** Mange gonger har det vore såkalla "nesten ulukker" i samband med køyring til/frå skulen, med kombinasjonen dårleg tid, mørketid og masse ungar langs vegen og i området. Difor bør ein også leggja vekt på informasjon omkring dette i samband med foreldremøta på skulane.

På bakgrunn av dette legg me til grunn følgjande tiltak:

- Port og gjerde langs fylkesveg 181 ved Fresvik skule
- Gatelys Fedjane - Feios skule
- Skilting av skuleområdi på skulane i Vik
- Gangveg frå Vik fengsel - Seljestokkane
- Gangveg Vik kyrkje - Voll

4.2 Økonomi

1. Port og gjerde langs fylkesveg 181 ved Fresvik skule (overført frå tidlegare plan).

Økonomi:

Vik kommune	(40%)	20.000
Tilskot	(60%)	30.000

Sum totalt 50.000

2. Gatelys Fedjane - Feios skule (overført frå tidlegare plan).

Økonomi:

Vik kommune	(40%)	40.000
Tilskot	(60%)	60.000

Sum totalt		100.000

3. Skilting av skuleområdi på skulane i Vik (overført frå tidlegare plan).

Økonomi:

Vik kommune	(40%)	40.000
Tilskot	(60%)	60.000

Sum totalt		100.000

4. Gangveg frå Vik fengsel - Seljestokkane

Ansvar: Statens vegvesen

5. Gangveg Vik kyrkje - Voll

Ansvar: Statens vegvesen

